Nytt fortau til Halsane

14.11.2014

Arbeidet med asfalteringa er i ferd med å verte fullført i føremiddag.

I dag har folk frå NCC asfaltert det nye fortauet frå hovudvegen og opp til innkøyrsla til Halsabråtet byggefelt. Resutatet er bra; - med trygg og brei køyreveg på sida av det nye fortauet. At fortauet kjem no, er eit positivt tillegg på grunn av den gledelege byggjeaktiviteten som er i området.

I Øvre Halsane er første huset for lengst tett, og skal etter planen vere klart til innflytting rundt juletider. I tillegg er det grave ut tomter til komande bygg.

I Nedre Halsabråtet er og første husgrunnen ferdig utgraven og planert. I dette feltet er det planlagt 11 husvære fordelt på 4 tomannsbustader og 1 tremannsbustad. Ein av tomannsbustadene kan verte omdisponert til tremannsbustad ut frå behov. Etter det vi kjenner til er det god interesse slik at salget er godt i gang i dette feltet også.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland